



Sogndal kommune

Svar - Kommunal planstrategi for Sogndal kommune

Vi viser til Sogndal kommune sitt framlegg til kommunal planstrategi og til orienteringa om temaet i regionrådsmøtet 20. april.

Sogn regionråd sine innspel til vidare arbeid for å styrka Sogndal si rolle som regionsenter vart oppsummert i nokre hovudpunkt i brev av 7.12.2010, og Sogn regionråd stadfestar innspela som er gitt i oppsummeringsbrevet. Mellom anna vert det vist til behovet for fortetting i sentrum, tilrettelegging for offentlege og private tenester med gangavstand mellom funksjonane i regionsenteret, tilrettelegging for langtidsparkering for pendlarane og at det skal arbeidast for 45-minuttsregion. Det vert elles vist til brevet frå rådet. - Vi gjer merksame på at innspelet om at 45-minuttsregion bør vera klimavenleg ikkje er kome frå Sogn regionråd, men slik vi forstår det frå Sogndal kommunestyre.

I framlegget til planstrategi vil Sogndal kommune ta med innspela frå regionsenterkonferansen mellom anna ved revisjon av arealdelen. Sogn regionråd set pris på at Sogndal kommune vil leggja innspela til grunn i planarbeidet. I tillegg ønskjer vi å bli orienterte og få høve til å koma med innspel i relevant planarbeid.

Vi vil også nemna utgreiinga av flyplassvegen som Sogn regionråd kjem til å få utført i år og som vil vera aktuell for Sogndal kommune sitt planbehov.

Vi ser fram til at Sogndal kommune i tida framover involverer og legg til rette for brei medverknad frå nabokommunane i arbeidet for å styrka regionsenteret. Gjeldande regionalplan har Sogndal si rolle som regionsenter som eitt av satsingsområda. Arbeidet med ny regionalplan for 2013-2016 er starta opp og til hausten vil vi invitera formannskapsmedlemene i dei åtte kommunane til eit arbeidsmøte for å få innspel til strategiar, mål og tiltak for å utvikla regionen.

Med helsing

Noralv Distad
leiar Sogn regionråd
(sign)

Marta Finden Halset
leiar i regionalplangruppa
(sign)

Vedlegg: Oppsummering – brev til Sogndal kommune av 7.12.2010